



Trygve Torjusen er "judosjef" i Rosendal og det blir både trening og oppvisning i sporten i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Etter ein del omstokking er alt no klart for trim- og dansehelga i Uskedalen, som startar fredag.**

Ei endring er at det blir berre ei judo-gruppe laurdag ettermiddag, medan det var planlagt to. Alle "judo-elevane" – det vil seie frå første til sjuande klasse – skal vera saman i trening frå klokka 15.

Etter treninga vert det oppvisning, ikkje før treninga som det er opplyst tidlegare, og oppvisninga startar klokka 16. Det er judograppa frå Rosendal Turnlag som står for dette opplegget.

Det er også nokre endringar i sundagsprogrammet. Ballett for 2.-4. klasse går ut og det blir tre grupper i breakdans/hip hop i staden for to.

I og med at det vert tre grupper er det nokre ledige plassar her.